

Doktor Haugen slik du minnest han

15.12.2014



RASK BEHANDLING I ROSENDAL

Torger Øye har fleire minne om den nærmest legendariske distriktslege Endre Haugen og ein episode fann stad på

haustparten i 1974. Då hadde Torger vore til Stord med lastebil og henta nokre store røyr som akulle til Maurangeranlegga. Då var han uheldig og klemde flat ein finger og skamslo neglen. Om natta byrja det å gjera skikkeleg vondt, og dagen etter gjekk Torger på det gamle helsecenteret i Rosendal. Han fortel vidare:

- Der var det fullt av folk så eg rusla bort i tunet til doktor Haugen. Han var for lengst slutt med praksis, men eg hadde sett han utanfor huset av og til så eg tenkte han kanskje kunne hjelpe. Før eg tok fyrste steget i trappa gjekk døra opp og han sa:- Goddag, pasienten får komma inn!

Inne på kontoret sett han seg ved skrivebordet og eg sette meg på krakken ved sida og viste han handa. Han greip handa fast, treiv ei saks og stakk under neglen og delte den. Før eg fekk sukk for meg, fata han ei tang og reiv halvdelane vekk så blodet rann. Så sausa han på med jod, spretta ein ny, stor plasterrull og bandasjerte.

Så sa han: - Jeg går utifra at du står i trygdekassen, da har du fri medisin.

Værsågod ta denne med deg hjem. Adjø!

Så gav han meg plasterrullen, tok meg på aksla og geleida meg ut. Det heila tok ikkje meir enn nokre få minuttar.

Han var kjend for å vere effektiv den karen.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Privat